SOGN
brann og redning




# Sogn brann og redning IKS





# Kven er vi?

## Sogn brann og redning IKS er ei felles brann- og redningsteneste for kommunane Sogndal, Luster og Vik.

Vi dekkjer eit areal på i underkant av 5000 $km^2$ med ca. 20 000 innbyggjarar. Vi har 5 brannstasjonar, 1 bistasjon og 2 depot med til saman 100 tilsette på deltid og heiltid. Brannstasjonane ligg i Sogndal, Gaupne, Vik, Balestrand og Leikanger.

**Vår jobb er å verne**

Vi skal verne liv, helse, miljø og materielle verdiar. Vi har ansvar for alle oppgåver med heimel i brannlova, til dømes søknadar om oppskyting/sal av fyrverkeri og oppbevaring av brannfarleg gass/væske, tilsyn med særskilte brannobjekt, feiing og bustadtilsyn, samt beredskap i samband med brann og andre ulykker. Frå juni 2012 har vi også ansvar for byggetilsyn i eigarkommunane. Våre branninspektørar og feiarar gjev råd om riktig fyringsteknikk









# Førebyggande arbeid

## – Med føremål å redde liv og auke tryggleiken

Det førebyggande arbeidet i Sogn brann og redning IKS har som mål å redde liv og auke tryggleiken. Arbeidet omfattar feiing og bustadtilsyn, tilsyn med særskilde brannobjekt, sakshandsaming, kurs og informasjonsarbeid, tiltak mot utsette grupper og andre publikumsretta tiltak. Vi fører også byggetilsyn for eigarkommunane og andre nabokommunar etter eigen avtale.

Brannførebyggarane utfører feiing av røykløp i bustader og fritidsbustader i Sogndal, Luster og Vik. I tillegg utfører vi tilsyn med fyringsanlegg og informerer om generell branntryggleik.

Tilsyn med særskilde brannobjekt skal utførast i eit registrert utval av bygg og område som representerer ein større risiko for tap av liv og helse, kulturhistoriske verdiar, skade på samfunnskritisk infrastruktur og store miljømessige konsekvensar ved brann. Tilsynet er systemretta og har fokus på eigar og brukar sine plikter til å følgje opp branntryggleiken i desse objekta.
Vi har også tilsynsmyndigheit knytt til farlege stoff.

**Bekymringsmeldingar om risikoforhold knytt til branntryggleik kan sendast til oss gjennom www.branntips.no**

RØYRLEGGJAR
ingmar fimreite as
6856 Sogndal • Mobil: 905 00 331 • Mobil: 416 61 633
E-post: ingmar@fimreiteroyr.no • www.fimreiteroyr.no
Røyrleggjar • VA-anlegg • Plastrøyrsveis
Slamsuging • Høgtrykksspyling • Røyr Inspeksjon



# Kurs, rettleiing og tilsyn

**Det førebyggande arbeidet omfattar kurs og opplæring i føretak og organisasjonar i den grad vi har tilgjengelege ressursar til dette.**

Vi gjev råd i planarbeid og byggesaker, sakshandsamar i samband med fyrverkerisal, rettleiar i samband med store arrangement og arrangement som blir haldne i bygg og på stader som normalt ikkje er berekna til slike formål.

Eit spesielt fokus er retta mot utsette grupper. Dette kan vere menneske som har fysiske eller psykiske utfordringar, eller anna kulturforståing av branntryggleik, og som derfor har større risiko for å omkomme i ein brann. Andre publikumsretta tiltak er knytt til rettleiing, kampanjar, brann-undervisning for 6. klasse osv.

Byggetilsynet er ei tilleggsoppgåve knytt til tilsyn etter plan- og bygningslova. Dette tilsynet er eit førebyggande arbeid som handlar om tryggleik, på lik linje med dei brannfaglege tilsyna.


Sanden Elektro

Ronny 478 67 555 Terje 478 63 555

post@sandenelektro.no

Vi lagerfører et stort utvalg av brannvernbekledning!

VIKING ICON™¬ med PBI, ytterstoff av PBI.
Fuktsperre og isolering i GORE® PARALLON™ som gjør bekledningen lettere, mykere og langt mer komfortabel.

UTVIKLET SPESIELT FOR NORSKE FORHOLD

TESS
TEKNISK FAGHANDEL



# Beredskap

**Beredskapsavdelinga vår består av 5 brannstasjonar, 1 bistasjon og 2 depot. Blant våre daglege oppgåver er øvingar, kontroll og vedlikehald av bilpark og brannmateriell/utstyr, kursing internt og eksternt og serviceoppdrag.**

**Våre sentrale oppgåver:**

- Beredskapsarbeid
- Brannsløkking/røyk- og kjemikaliedykking
- Bistand ved trafikkulykker, sikring, frigjering og førstehjelp
- Vassredning
- Overflateredning
- PLIVO – Pågåande livstrugande vald
- IUA – Interkommunalt arbeid mot akutt forureining
- Kompetanseutvikling / øvingar

***Vårt hovudmål er å oppretthalde effektiv beredskap med rutinert og kompetent mannskap som kan redde liv, hindre skade på menneske, dyr, eigedom og miljø samt skape tillit og tryggleik i befolkninga.***




## HAR DU EIT SIKKERT EL-ANLEGG?

Ein stor andel av brannane i Noreg skuldast feil på det elektriske anlegget. Bestill ein el-kontroll, så avdekkar me dei potensielle brannfellene dine.

*Joar og Ottar er veritasgodkjente for kontroll innan bustad, næring og landbruk. I tillegg til kontroll utfører dei termografering for å avdekke "usynlege" varmgangar i sikringsskåp og til dømes varmtvasssberedar.*

***El-kontrollen omfattar i tillegg til visuell kontroll sjekk av:***

- Inntak • Sikringsskåp
- Jordingsanlegg • Apparat og utstyr
- Bruk av skøyteledning • Varmgang

***Ta gjerne direkte kontakt med ein av våre kontrollørar for ein uforpliktande samtale!***

*Joar M. Røneid: 480 83 708 Ottar Tuften: 480 83 704*





EL-PROFFEN
JOSVANGER

**Galdetoppen 7, 6869 Hafslo • Tlf. 48 08 37 00 • www.josvanger.no**

**Sogn brann og redning IKS**
**Sogndal Kulturhus**
Hovevegen 2, 6856 Sogndal
E-post: post@sognbrann.no

**www.sognbrann.no**

**Tlf. vakthavande brannsjef/overordna vakt:**

# 48 29 69 29









**Er el-anlegget ditt trygt?**
Det er kjekkare å ha besøk av ein elektrikar på dagen, enn ein **brannmann** om **natta!** Dei fleste brannar byrjar på **komfyren** eller i det **elektriske anlegget**. Snakk med oss om komfyrvakt og elkontroll.

## Bestill el-kontroll i dag!

www.holeninstallasjon.no
SOGNDAL • GAUPNE • VIK • LEIKANGER
Årøyvegen 14, 6856 Sogndal | tel: 57 67 75 00 |
post@holen-installasjon.no

**HOLEN INSTALLASJON**

**rasande flinke med straum og slikt**